



## Tilleggsinnkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 16.12.2021  
**Møtested:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 15:00 - 22:00

### Tidsplanen:

15.00 - Møtet startar med kulturinnslag ved kulturskulen.  
15.30 - Generalforsamling i Austrheim næringssselskap, sjå eiga innkalling  
18.00 - Julemiddag  
18.45 (etter middag) - Utdeling av sertifisering som miljøfyrtårn v/ordførar i Alver kommune Sara Sekkingstad  
Sakshandsaminga held fram etter utdelinga.

### Orienteringssaker:

- Korona v/Monika Kvamme
- Presentasjon av ny kommunalsjef oppvekst og kultur
- Sak vedk. heis Nordliheimen v/personal- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes.

### Smitteverntiltak i samband med møtet

- Avstand mellom alle tilstades
- Munnbind når du ikkje sit på plassen din
- Avgrensa tal tilhøyrarar

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

## Saksliste

Saknr	Tittel
098/21	Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
099/21	Tilskotsordning til lokale verksemder i særleg utsatte bransjer- Løyving frå Austrheim kommune

Austrheim 14. desember 2021

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
098/21	Kommunestyret	PS	16.12.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE-233, HistSak-14/1714	20/4999

### Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

#### Framlegg til vedtak:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2022:

Prioritering/ søknadsnr	Ordinære anlegg	
1 Nr 145211	Rehabilitering lys Austrheimhallen	Fornyast
2 Nr 145120	Båthus i Årvika friluftsområdet	Fornyast
3 Nr 145248	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast
4 150572	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
5 Nr 151374	Baløy. Naust/utstyrslager	Ny søknad, ikkje fullstendig
6 Nr 151376	Rongevær. Uteområde og kaianlegg/friluftsområdet	Ny søknad, ikkje fullstendig
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Anleggsregisteret.no er eit register over alle idrettsanlegg i Noreg, og alle søknader skal registrerast elektronisk. Det er ein føresetnad at prosjekt me søker spelemidlar til skal stå i ei prioritert liste i det

rullerte handlingsprogrammet til planen.

«Spelemidler til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal bidra til infrastruktur som gir befolkningen mulighet til å drive fysisk aktivitet, både i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten og gjennom muligheten for egenorganisert, fysisk aktivitet.» (ref. V-o732 B)

Me kan søkje om spelemidlar til ordinære anlegg og ordinære nærmiljøanlegg. Det er fleire søknadar enn det er spelemidlar til i fylket, og me må rekne med å søkje i minst 3 år før me kan vente å få utbetalt tilskot til Ordinære anlegg, mens tilskot til Ordinære Nærmiljøanlegg ser ut til å gå raskare. Ordinære anlegg: hovudregel er at me kan søke om tilskot på inntil 1/3 av godkjente kostnader. Nokon anleggstypar kvalifiserer til tilskot på inntil 50% av godkjente kostnader. Dette gjeld turvegar/-løyper og –stiar, og enkelte spesielle tiltak. Nærmiljøanlegg, uteanlegg eller område for eigeorganisert fysisk aktivitet: me kan søke om tilskot på inntil 50% av godkjent kostnad. Øvre grense for tilskot er sett til kr 300 000 per anleggseining.

- Søknad må normalt fremjast seinast søknadsåret etter ferdigstilling av anlegget.
- Anlegget skal vere del av ein vedteke kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

## Vurdering

Utbetalte spelemidlar 2021:

Lerøy aktivitetsområdet kr 56.000

Tilsegn om tilskot til gymsal ved Kaland skule kr 600.000

Restutbetaling grusbana Kaland skule kr 6.000,- (totalt har me fått kr 45.000 til anlegget)

Fornyng av søknadar:

Båthus / Redskapsbu ved **Årvika friluftsområde**, med anleggsnummer 72628

Austrheimhallen ved **Austrheim Idrettspark**, med anleggsnummer 10289

**Dagsturhytta Vardetangen m/toalett**, maks tilskot kr 1.000.000, er eit tiltak der me følgjer opp den kommunale planen med behov for eit meir romsleg friluftsliv med sosiale møteplassar, universell turvegar, parkeringsplassar og toalett. Gjeldande plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er vidareført til 2022. Det er også ønskje med tilgang til Dagsturhytta via sjøvegen for fritidsbåtar.

Nye søknadar:

Bergen og Hordaland Turlag søkjer om spelemidlar til anlegg i samband med **Aktivitetssenter**

**Rongevær**: Uteområdet og kaianlegg/friluftsområdet. I tillegg søkjer dei om anlegg på **Baløy, naust/utstyrsagar og småbåthamn**. Søknadane er ikkje fullstendig etter "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet-2021, for tildeling i 2022", men Austrheim kommune signaliserer at me er positive til søknaden og prioriterer den høgt. Me håpar søknadene er klar til 15. januar som er siste frist for oversending av søknadar til fylkeskommunen.

Ikkje klare til å søkje:

Det vert jobba med å få ein **ballbinge/aktivitetsflate ved Austrheim vidaregåande skule**, men prosjektet er ikkje kome langt nok til å søkje innan frist 15. januar 2022.

Det er planar om oppgradering og vidareutvikling av **uteområda til Årås skule og Kaland skule**. Planar er ikkje ferdige til søknad om spelemidlar.

**Universell turveg Steinaldersti Fosnstraumen.** Austrheim kommune jobbar for oppgradering av Steinalderstien ved Fosnstraumen. Me kan søkje Riksantikvaren om tilskot til hogst og skjøtsel. Me må få på plass avtalar med grunneigar og fjerne skog, før me kan søkje om spelemidlar til universell turveg og til å få fullført «Fyrtårn prosjektet - Steinalderstien».

Austrheim kommune er eigar av eit **naust i Hoplandsmarka** med steinkai, og på planstadiet er det tankar om å utvikle ein uthamn med rasteplass for fritidsbåtar og kajakkar. Det er også meininga å lage ei oppgradert rundløype med turstiar/turvegar Hopland-Fosnstraumen. Eit prosjekt me må jobbe vidare med før me kan søkje om spelemidlar.

Austrheim Idrettslag har ønskje om tilbygg til Austrheimhallen for mellom anna å bygge ein **klatrevegg**. Eit forprosjekt er presentert for formannskapet, og kommunen er positive til initiativet. Prosjektet må vere med i revidert «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv», og prosjektet er ikkje klart for søknad om spelemidlar.

Fonnes Bygdelag og Bergen og Omlandfriluftsråd vil i lag med kommunen leggje ut **flytebyggje i Årvika friluftsområdet**. Det er langgrunt og vanskeleg å kome inn med båt i området. Bryggja vil gjere Dagsturhytta Vardetangen tilgjengeleg sjøvegen, samt auke tryggleiken ved ulike havsportsarrangement i Årvika. Prosjektet er ikkje fullfinansiert og klart til å søkje om spelemidlar.

Prioriteringa av dei ulike anlegga vert gjort i høve til kommunedirektøren sin kjennskap til kor langt det enkelte prosjekt er kome i planlegginga, og etter søknad og signal frå lag og organisasjonar. Austrheim kommune har vedteke «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» og følgjer opp målsetjinga i planen. Visjon: «Aktiv kvar dag, heile livet». Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 må reviderast til neste år. Gjeldande plan er vidareført til 2022.

### **Folkehelse**

Kommunen ønskjer å legge til rette for auka fysisk aktivitet for alle innbyggjarar. Aktiv kvar dag, heile livet.

### **Miljø**

Alle innbyggjarane i Austrheim skal oppleve at det er mogleg å ta heile kommunen i bruk til friluftsliv og drive idrett, på ein enkel og miljøvennleg måte.

### **Økonomi**

Prosjekt vert ikkje starta før vi har finansieringa klar.

### **Konklusjon**

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022.

Liste over prioriterte anlegg klar til spelemiddelsøknad 2022:

Prioritering/ søknadsnr	<b>Ordinære anlegg</b>	
1 Nr 145211	Rehabilitering lys Austrheimhallen	Fornyast
2 Nr 145120	Båthus i Årvika friluftsområdet	Fornyast
3 Nr 145248	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Fornyast

4 150572	Baløy, Småbåthamn	Ny søknad
5 Nr 151374	Baløy. Naust/utstyrslager	Ny søknad, ikkje fullstendig
6 Nr 151376	Rongevær. Uteområde og kaianlegg/friluftsområdet	Ny søknad, ikkje fullstendig
Prioritering	<b>Ordinære nærmiljøanlegg</b>	

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
099/21	Kommunestyret	PS	16.12.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-223, HistSak-20/4367	21/425

## Tilskotsordning til lokale verksemder i særleg utsatte bransjer- Løyving frå Austrheim kommune

### Vedlegg

Kilstraumen Brygge as - tilskotssøknad

Straumcamp as - tilskotssøknad

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tildeler frå løyvinga på kr. 820.000 til Austrheim kommune frå *kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder i særleg utsatte bransjer og kommuner* til følgjande verksemder:

Kilstraumen Brygge AS kr. 700.000.

Straumcamp AS kr. 120.000.

Kommunen vil kontrollera om verksemdene har ubetalte kommunale krav, om det er noko uteståande så vil tilskotet verta motrekna mot dette.

Tilskotet vert betalt ut til den enkelte verksemda når kommunen har den naudsynte informasjonen som skal registrerast på regionalforvaltning.no. Sluttrapportering for tilskot frå denne ordninga må sendast til departementet innan 31.01.2022.

### Saksopplysninger:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) tildelte 11. oktober 2021 Austrheim kommune 820.000 kroner i tilskotsmidlar. over kap. 553, post 68 (ny) *kommunal kompensasjonsordning for lokale virksomheter*. Målet med tilskotsordninga er å setja kommunane raskt i stand til å avhjelpa situasjonen for lokale verksemder i samband med pandemien. Tildelinga til den enkelte kommune er gjort med bakgrunn i tal tilsette innen overnatting, reisearrangører, turbiltransport og delvis også i servering og drosjenæringa.

Tilskotet skal bidra til å oppretthalde arbeidsplasser og viktig kompetanse i verksemder som er avhengige av turisme frå land både utanfor og innanfor EØS, og difor framleis er ramma av pandemien. Kommunen har stor fridom til å fordela desse midlane, innanfor eige skjønn, jamfør brevet frå departementet. Formannskapet vedtok i møtet 18. mars 2021 følgjande:

*Austrheim kommune set i gang arbeid med sakshandsaming av **Tilskot til lokale verksemder i Austrheim kommune**. Midlane skal gå til verksemder som av ulike grunnar har falt utanfor generelle kompensasjonsordningar i samband med pandemien. Formannskapet sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande personar til dette arbeidet:*

*Bjarne Ve Sæbø (sekretær for gruppa)*

*Per Lerøy, ordførar og næringssjef*

*Kari T. Utkilen, fagleiar kultur*

Den same arbeidsgruppa har også vurdert denne siste tildelinga frå KMD.

Bjarne Ve Sæbø er tilsett i Austrheim kommune som prosjektleiar/controller, han har ansvaret for arbeidet med denne tilskotsordninga og er som før sekretær for denne arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa har fått Asbjørn Nagell Toft til å verta sakshandsamar for saka til kommunestyret.

Austrheim kommune har annonsert tilskotet på facebook/heimesida og i lokalavisa Strilen, og elles opplyst om ordninga til dei som har tatt kontakt. Innan søknadsfristen torsdag 12. desember 2021 var det levert 4 søknader på regionalforvalting.no. Arbeidsgruppa hadde drøftingsmøte den 13. desember og vurderte då søknadane.

Som grunnlag har arbeidsgruppa vurdert at to av desse søkarane er kvalifisert til å få tildelt midlar av denne tilskotsordninga. Desse to verksemdene oppfylte kriteria sett til dette tilskotet.

Arbeidsgruppa har vidare vurdert storleiken på tildelinga etter kor mange som er engasjerte i dei enkelte verksemdene/ organisasjonane, og kor stort tap dei har hatt på grunn av Korona-situasjonen.

Tilskotsmidlane var på kr. 820.000. Arbeidsgruppa innstiller på å gjeva desse to verksemdene støtte:

**1. Kilstraumen Brygge AS søkte om midlar til eit prosjekt om å få fleire turistar frå Russland, Asia og Amerika – Salmon Safari. Dei har adresse Austrheimsvegen 597. Organisasjonsnr. 915 458 122. Det er 13 tilsette i firmaet.**

Kilstraumen Brygge har sidan oppstart hatt fokus på nye marknader. I samarbeid med lokale aktørar som Skjærgårdsfisk Visningsenter og Visit Bergen fekk me opp ein forretningsside, Salmon Safari, som retta seg mot turoperatørar som mellom anna hadde Russland, Asia og Amerika som sin marknad. I tillegg fekk me samarbeid med Norwegian Cruiseservices som hadde behov for nye aktivitetar og opplevingar utafør Bergen sentrum. Me kunne tilby guida kajakturar og havfiske samt lokalmat servert i Naustet.

-Kilstraumen Brygge AS søkte om kr. 600.000, men dei har oppgjeve totalkostnaden til kr. 800.000.

**Arbeidsgruppa innstiller på at tilskotet til Kilstraumen Brygge AS vert på kr. 700.000.**

**2. Straumcamp AS søkte om midlar til eit servicebygg med straumskap til bubilar. Dei har adresse Njøtevegen 292. Organisasjonsnr. 971223162. Det er ein tilsett i firmaet.**

Dei skriv i søknad at vidare mål er å vidareutvikle campingområdet for faststående vogner og camping slik godkjenningen av området er på.

Dei søker no om midlar til å gjera ferdig servicebygg, og straumskap til kvar enkelt bubil.

-Straumcamp AS oppgav ikkje søknadsum, men dei skriv i søknad at bare strømskapene vil ha ein kostnad på kr. 230.000.

**Arbeidsgruppa innstiller på at tilskotet vert på kr. 120.000.**

Dei to andre søkerane var verksemdene **West Piping AS** (Litlås) og **HL mek AS** (Fonnes).

Eit lite utdrag om kompenasjonsordringa er med nedanfor for å forklara kvifor arbeidsgruppa ikkje kunne gjeva desse to verksemdene tilskot:

*-Tildelingen til den enkelte kommune er gjort med bakgrunn i antall ansatte innen overnatting, reisearrangører, turbiltransport og delvis også i servering og drosjenæringen.*

*Tilskuddet skal bidra til å opprettholde arbeidsplasser og viktig kompetanse i bedrifter som er avhengige av turisme fra land både utenfor og innenfor EØS, og derfor fremdeles rammet av pandemien.*

Arbeidsgruppa har vurdert det slik at desse to søknadane ikkje er innfor regelverket og intensjonen for denne tilskotsordninga. Dette er verksemdar som driv med handel, vedlikehald og levering av diverse tenester og produkt retta mot m.a. oljegass industrien.

### **Vurdering:**

Kommunedirektøren er glad for at Kommunal- og moderniseringsdepartementet tildelte Austrheim kommune 820.000 kroner i tilskotsmidlar. Målet med tilskotsordninga har vore å setja kommunane raskt i stand til å avhjelpa situasjonen for lokale verksemdar i samband med pandemien.

Kommunedirektøren vil understreka at kommunen sin støtte til verksemdar må vera i samsvar med regelverket for offentleg støtte.

Departementet har laga eit søknadsskjema som sikrar at løyvingane skjer i samsvar til Covid- 19



rammeverket for tildeling av offentleg støtte. Søknadsskjemaet for ordninga har vore tilgjengeleg i Regionalforvaltning.no.

Kommunedirektøren vil opplysa om at støtta til verksemder vert lagt fortløpande inn i regionalforvaltning.no. Sluttrapportering for tilskot frå denne tilskotsrunden skal sendast til departementet innan 31.01.2022 gjennom regionalforvaltning.no. Bjarne Ve Sæbø som er tilsett i Austrheim kommune som prosjektleiar/controller har ansvaret for dette arbeidsområdet.

I sluttrapportene til departementet skal det leggjast ved ein revisorattestasjon på at kommunen har nytta midlane i tråd med innhaldet i tilskotsbrevet datert den 11.10.2021.

Kommunedirektøren synes arbeidsgruppa har arbeidd godt med marknadsføring av denne ordninga og vurdert dei fire søknadane på ein forsvarleg måte. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret vedtek ei løyving i samsvar med arbeidsgruppa i si innstilling som vist i forslag til vedtak.

#### **Konklusjon:**

Kommunestyret tildeler frå løyvinga på kr. 820.000 til Austrheim kommune frå kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder i særleg utsatte bransjer og kommuner til følgjande verksemder:

Kilstraumen Brygge AS kr. 700.000.

Straumcamp AS kr. 120.000.

**Fra:** Bjarne Ve Sæbø  
**Sendt:** tirsdag 14. desember 2021 11:15  
**Til:** Asbjørn Nagell Toft  
**Kopi:** Per Lerøy  
**Emne:** Kilstraumen Brygge as - tilskotssøknad

## Utenlandske turistar til Kilstraumen Brygge

Søknad innsendt 06.12.2021

### Søknad om - Bedriftsrettet-/etablererstøtte

Prosjektnavn
Utenlandske turistar til Kilstraumen Brygge

Kontaktopplysninger		
Prosjektansvarlig/ -ier: Kilstraumen Brygge AS	Kontaktperson: Solveig Lerøy	
Adresse: Kilstraumen 1	Postnr.: 5943	Poststed: AUSTRHEIM
Mobil: 95213012	Telefon: 95213012	Telefon arbeid: 95213012
E-post: <a href="mailto:solveig@kilstraumen.com">solveig@kilstraumen.com</a>	Bankkonto: 36325948080	
Organisasjonsnummer: 915458122	Antall årsverk (heltid/deltid): 7 / 5	

### Prosjektinformasjon

#### Type virksomhet / type støttemottaker

Overnatting - Lokalmat Aktiviteter Opplevelser

#### Forretningside / mål og innhold med prosjektet

Startdato: 01.03.2020 Sluttdato: 31.12.2022

Kilstraumen Brygge har sidan oppstaren hatt fokus på nye markander. I samarbeid med lokale aktører som Skjærgårdsfisk Visningsenter og Visit Bergen fekk me opp ein forretningside, Salmon Safari, som retta seg mot turoperatørar som mellom anna hadde Russland, Asia og Amerika som sin markand. I tillegg fekk me samarbeid med Norwegian Cruiseservices som

hadde behov for nye aktiviteter og opplevingar utafor Bergen sentrum. Me kunne tilby Guida kajakturar og Havfiske samt lokalmat servert i Naustet.

**Hvem som eier prosjektet / deltakere i prosjektet i tillegg til støttemottaker**

Kilstraumen Brygge AS

Kilstraumen 1

5943 Austrheim

## Kostnadsplan og finansieringsplan

### Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	SUM
01.Projektkostnader	220 000	200 000	420 000
02.Hjemmeside - teknologi - bilder	50 000	60 000	110 000
03.Makedsføring - konferanser	30 000	40 000	70 000
Smitteverntiltak: masker, håndsprit, vask	100 000	100 000	200 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>800 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	300 000	300 000	600 000
02.Lån i bank			0
03.Egenkapital	40 000	40 000	80 000
04.Eget arbeid	60 000	60 000	120 000
05.Andre finansieringskilder			0
<b>Sum finansiering</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>800 000</b>

### Tilskudd/finansiering fra andre

Ingen

### Andre opplysninger

Salmon Safari har eigen heimesida <https://www.salmonsafari.no/> som vart utarbeida like før pandemien. Vi har hatt gjester utafor EØS området gjennom Norwegian Cruiseservices i 2019 og me var i deira katalog for 2020.

Vidare har me hatt nær kontakt med Jandis As som har Russland som sitt marked. Maritim Tours er også ein stor og god samarbeidspartnar for Kilstraumen Brygge. I februar 2019 gjennomførte me visningstur for Salmon Safari.

Her var 30 aktuelle turoperatørar samla. Dette skulle bli vår nye store satsing i 2020 - 2021 og framover i tid.

Avbestillinger i 2020/21:

Maritim Tours: 100 gjester ( vart flytta 2 gonger ( 2020-2021) før endeleg avbestilling) a 600,- = 60.000,-

Norwegian Cruiseservice: 11 turer med lunch og Guida Kajak tur :21x mins 6 turer x 1500 = 108.000

Salmon Safari: Her kom der forespørslar på turer fra Visit Bergen sitt nettverk, men dei vart aldri bestilt pga Pandemien

**Har du/dere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket:** Nei

**Mottatt bagatellmessig støtte de tre siste regnskapsårene:** Ja

2020 Innovasjon Norge 270.000

2021 Innovasjon Norge 370.000

Med vennleg helsing  
Bjarne Ve Sæbø  
Prosjektleder/controller

.....

Austrheim kommune  
Telefon: 56162117/94880104  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.*

**Fra:** Bjarne Ve Sæbø  
**Sendt:** tirsdag 14. desember 2021 11:15  
**Til:** Asbjørn Nagell Toft  
**Kopi:** Per Lerøy  
**Emne:** Straumcamp as - tilskotssøknad

## Søknad om - Bedriftsrettet-/etablererstøtte

Prosjektnavn
Turismebedriften Straumcamp søker herved om støtte fra kommunalt næringsfond (Covid 19 midler)

Kontaktopplysninger		
Prosjektansvarlig/ -eier: Straumcamp AS	Kontaktperson: Aksel Hatlem	
Adresse: Njøtevegen 292	Postnr.: 5943	Poststed: AUSTRHEIM
Mobil: 91113092	Telefon: -	Telefon arbeid: -
E-post: <a href="mailto:hege_hatlem@hotmail.com">hege_hatlem@hotmail.com</a>	Bankkonto: 1644.20.25677	
Organisasjonsnummer: 9171223162	Antall årsverk (heltid/deltid): 1 / 1	

## Prosjektinformasjon

### Type virksomhet / type støttemottaker

Bedriften er basert på utleie av hytter og mottak av bobiler/camping.

Dette er en bedrift som er avhengig av turisme for å kunne drive.

### Forretningside / mål og innhold med prosjektet

Startdato: 01.08.2012 Sluttdato: 01.06.2022

Bedriften er basert på utleie av hytter og mottak av bobiler/camping.

Dette er en bedrift som er avhengig av turisme for å kunne drive.

Videre mål er å videreutvikle campingområdet for faststående vogner og camping slik godkjenningen av området er på.

Ferdigstillelse av servicebygg, og strømskap til hver enkelt bil.

### Hvem som eier prosjektet / deltakere i prosjektet i tillegg til støttemottaker

## Kostnadsplan og finansieringsplan

### Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	SUM
	1		1
02.			0
03.			0
<b>Sum kostnad</b>	<b>1</b>		<b>1</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	SUM
01.	1		1
02.Lån i bank			0
03.Egenkapital			0
04.Eget arbeid			0
05.Andre finansieringskilder			0
<b>Sum finansiering</b>	<b>1</b>		<b>1</b>

### Tilskudd/finansiering fra andre

Ingen

### Andre opplysninger

Det foreligger ingen kostnadsplan enda, men servicebygg og strømskap for hver bil skal ferdigstilles.

Bare strømskapene vil ha en kostnad på kr. 230 000,-

Søker herved om støtte til denne kostnaden i næringsfondet.

**Har du/dere søkt andre offentlige instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket:** Nei

**Mottatt bagatellmessig støtte de tre siste regnskapsårene:** Ja

År: 2020 Beløp: 50 000,- Austrheim kommune

2021 Beløp: 90 000,- (frie midler) Austrheim kommune

Med vennleg helsing

Bjarne Ve Sæbø

Prosjektleder/controller

.....  
Austrheim kommune  
Telefon: 56162117/94880104  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.*